

# Notat

Går til: Styremedlemmer  
 Selskap: Helse Vest RHF  
 Dato skriven: 15.01.2009  
 Frå: Administrerende direktør Herlof Nilssen  
 Sakshandsamar: Ivar Eriksen  
 Saka gjeld: **Orientering om relevante lovar, forskrifter og myndigheitskrav i perioden 02.12.08 - 14.01.09**

**Styresak 005/09 O**

**Styremøte 04.02. 2009**

**Administrerende direktør si orientering pkt 10**

I ei pressemelding frå Helse- og omsorgsdepartementet er det gitt ein oversikt over endringar og nye reglar som gjelder frå 1. januar 2009 for Helse- og omsorgsdepartementet sitt område. Utskrift av pressemelding er lagt ved.

## Oversikt over aktuelle nye lovar og lovendringar i perioden 02.12.08 – 14.01.09

Lov	Dato for kunngjering	Kva lova/endringa gjeld
Lov om endringar i personopplysningslova mv	09.01.09	Lovvedtaket er tredelt. Fornyings- og administrasjonsdepartementet har fått heimel til å fastsette forskrifter om arbeidsgivar sin rett til innsyn i tilsette sin e-post. Datatilsynet har fått heimel til å gi overtredingsgebyr ved brot på personopplysningslova og for å sikre ein meir effektiv inndrivning blir det lagt opp til at Statens Innkrevingsentral kan innkreve tvangsmulkt mv gitt av Datatilsynet. Lovendringa blei gjeldande frå 09.01. 2009.

## Oversikt over aktuelle nye forskrifter og forskriftsendringar i perioden 02.12.08 – 14.01.09

Forskrift	Dato for kunngjering	Kva forskrifta/endringa gjeld
Forskrift om krav til helsepersonells attester, erklæringar og liknande.	29.12.08	Ny forskrift tar til å gjelde frå 1. januar 2009. Formålet med forskrifta er å bidra til at helsepersonells attester, erklæringar og liknande blir utforma på ein måte som gir høg kvalitet og legitimitet.

## Oversikt over myndigheitskrav frå Helse- og omsorgsdepartementet i perioden 02.12.08 – 14.01.09

Myndigheitskrav	Dato	Kva saka gjeld
Oppdragsdokument 2009	08.01.09	Helse- og omsorgsministerens har sendt ut oppdragsdokumenta til dei regionale helseføretaka for 2009. Sjå eigen styresak.

Vedlegg: Oversikt over endringar og nye reglar som gjelder frå 1. januar 2009 for Helse- og omsorgsdepartementet sitt område.